

Konrad Eriksson og skildringa av eit grensemål

Av Dagfinn Rødningen og Dagfinn Worren

Artikkelen tek utgangspunkt i den fagbiografiske framstillinga om den norske målføregranskaren og motstandsmannen Konrad Eriksson som Geirr Wiggen hadde i Maal og Minne (2009, hefte 2). Avhandlinga til Eriksson om drevsjømålet har i mange år vore ein del av kjeldematerialet til Norsk Ordbok. To grunnleggjande spørsmål blir tekne opp i denne artikkelen. Det eine er om ei slik tradisjonell målføreavhandling med vekt på historisk fonologi også gjev relevante leksikografiske opplysningar, og det andre er om ho kan brukast som grunnlag for ei samanlikning av det tradisjonelle ordtilfanget i dialektane på norsk og svensk side av riksgrensa. Her er to svenske arbeid frå høvesvis Idre og Särna referansemateriale.

Konklusjonen på det første spørsmålet er at i arbeid med historisk fonologi i eit målføre er semantiske vurderingar ein heilt naudsynt medspelar. Den junggrammatiske metoden i avhandlinga om drevsjømålet får fram påliteleg kunnskap om den semantiske sida av heimleg ordtilfang. Når det gjeld fellesskap i ordtilfang for grannebygder på begge sider av riksgrensa til Sverige, syner undersøkinga eit relativt sparsamt felles ordtilfang. Den fremste årsaka er truleg ulike utgangspunkt for og siktemål med dei tre jamførte arbeida. Riksgrensa har nok også hatt mykje å seie, men likevel dokumenterer desse ulike arbeida at ein femdel av det beskrivne ordtilfanget er felles.

1 Innleiing

Då Geirr Wiggen publiserte ein fagbiografisk artikkel om den norske målføregranskaren og motstandsmannen Konrad Eriksson i Maal og Minne i 2009, kasta han lys over ein lagnad som truleg få i det norske språkvitskaplege miljøet har kjent til. I *Norsk Ordbok* (NO) har derimot Konrad Eriksson alltid vore mellom dei språkgranskarane vi har stødd oss på. Hovudoppgåva hans, med tittelen “Drevsjømålet. Et omriss av lydverket”, er ei kjelde vi bruker som grunnlag for å dekkje ordtilfanget i Engerdal kommune i Østerdalen. Avhandlinga er ekserpert for arkivet

til NO og gjev tilslag på 2750 ekserpt. Artikkelen til Wiggen vart ei påminning for oss om at vi sit på eit spennande arbeid med ei svært spesiell historie, og vi vil her sjå nærmare på avhandlinga til Eriksson. Vi skriv ut ifrå to grunnleggjande problemstillingar:

I kva grad gjev ei slik tradisjonell målføreavhandling med vekt på historisk fonologi også relevante leksikografiske opplysningar (pålitelege tydingsopplysningar)?

I kva grad kan ei slik avhandling brukast som grunnlag for ei samanlikning av det tradisjonelle ordtilfanget i dialektane på norsk og svensk side av riksgrensa?

2 Stutt biografi

Wiggen 2009 gjev ei utførleg utgreiing om den biografiske bakgrunnen til Konrad Eriksson. Han synte tidleg interesse for bøker og bokleg lærdom, og greidde å ta examen artium som privatist i 1935. Stutt tid etter vart han immatrikulert ved Universitetet i Oslo. Han hadde teke bifags-eksamenar i faga historie, engelsk og morsmål med gamalnorsk (som nordistikkfaget vart kalla ved universitetet den gongen), og han var i gang med hovudfag i morsmål då krigen kom og han fekk alvorlegare ting å tenkje på enn studium.

Då okkupasjonsmakta vart klar over at Eriksson var involvert i illegalt motstandsarbeid, måtte han flykte til Sverige i 1942. Flukta skjedde raskt og utan førebuing, så han fekk ikkje med seg mykje av personlege egedelar. Men allereie dagen etter at han i all hast måtte dra over grensa til Sverige, vende han tilbake til garden i Drevsjø, væpna med eit gevær, for å hente bøkene sine og den uferdige hovudfagsavhandlinga. Det var sjølv sagt ikkje heilt risikofritt og vitnar om ei sær s høg drivkraft for det faglege arbeidet (Wiggen 2009: 207). Som ein av mange norske flyktningar i Sverige som var i gang med universitets- eller høgskulestudium, fekk han høve til å fullføre dei i Sverige, og Eriksson avla avsluttande eksamen ved Universitetet i Uppsala.

Han avslutta arbeidet med hovudfagsoppgåva si i mars 1943 og gjekk så opp til full hovudfagseksamen etter norsk ordning i juni same året. Sensorane var professorane Anton Blanck og Erik Noreen, docenten Dag Strömbäck og norsklektoren Philip Houm. Avhandlinga hans vart

vurdert som laudabel, men likevel ikkje av dei eksepsjonelle. På bakgrunn av avhandlninga og eksamensresultatet oppnådde så Eriksson den norske cand. philol.-graden (Wiggen 2009: 208–10).

3 Stutt presentasjon av *Drevsjømålet*

Drevsjømålet er ei avhandling på 2 upaginerte, 7 romartalmerkte og ein hovudbolk på 138 maskinskrivne sider, til saman 147 sider. Dei upaginerte innleiingssidene er innhaldslista, medan den romartalmerkte delen inneheld “Forord”, “Kildeoppgave” og “Geografisk og historisk oversikt”. I føreordet blir det opplyst at drevsjømålet ikkje har vore handsama før, og i samråd med rettleiaren sin, professor Sigurd Kolsrud, har Eriksson difor lagt “hovedvekten på å få ordtilfanget så rikt som mulig” (s. I). Kjerneordet er her “rikt”, og det har ein faghistorisk bakgrunn som blir teken opp nedanfor.

Bolken om geografi og historie byggjer opp samanhengen mellom folk og omgjevnader. Fast busetnad i Drevsjøbygdene kom først på slutten av 1700-talet. Når det gjeld kontakt utanfrå, har Härjedalen på svensk side hatt pilgrimslei til Trondheim gjennom bygda, og bergverket på Røros oppretta smelteverk i den lokale “Drevsjøhytta” og skapte dermed også språkkontakt. Likevel konkluderer Eriksson (s. VII) allereie her i føreordet med at drevsjømålet er eit østerdalsmål med støtte frå engerdalsmålet og målet i dei næraste svenske bygdene.

Oversynet nedanfor over bolk- og kapittelinndelinga frå hovuddelen i *Drevsjømålet* viser profilen av oppgåva tydeleg:

Lydskrifta	[s.]	1
Lydlära	“	2
Vokaltavle	“	5
Konsonanttavle	“	6
Kvantitet:	“	7
Gno. stutt vokal +stutt konsonant	(§4ff.)	8
“ “ “ + konsonantsammensetning	(§10ff.)	12
Kvantitet i jamvektord	(§16ff.)	15
Lang vokal	(§21ff.)	17
Trykk	(§32ff.)	21
Tonelag	(§37 –)	24

Vokaltutviklinga	(§54 –)	“	29
Stutte vokaler i stutte enstavingsord	(§55ff.)	“	29
Jamnvektord (sic)	(§81 –)	“	39
A-gruppa	(§85 –)	“	41
U-gruppa	(§92 –)	“	47
I-gruppa	(§98 –)	“	50
Stutte vokaler	(§107–)	“	54
Stutte vokaler i lang staving	(§108–)	“	54
Lange vokaler	(§155–)	“	86
Diftonger	(§165ff.)	“	92
Apokope	(§192 –)	“	100
Assimilasjon mellom nabokonsonanter	(§193ff.)	“	103
Tonetap	(§208 –)	“	115
Enkelte konsonanter	(§209ff.)	“	117
Palatalisering av konsonanter	(§235ff.)	“	128

Hovudvekta ligg på vokalismen. Den får 71 sider, medan konsonantar er drøfta på til saman 35 sider. Når lydverket i eit jamvektsmål er emne, kan det vere ei rimeleg fordeling.

Om den faglege delen høyrde vi frå føreordet at lydverket skulle karakteriserast gjennom eit så rikt ordtilfang som mogleg. Det er ein refleks av den romantiske ideen om ein tidlegare språkleg gullalder som folkemålet førde vidare. Denne ‘rikdomen’ kunne dokumenterast gjennom metoden i den historisk samanliknande språkvitskapen. Tenkjemåten i denne språkteorien kravde både systematisk kunnskap om fleire samtidsspråk, tilsvarende kunnskap for eldre språksteg og evne til å sjå parallellutviklingar over tid (Hovdhaugen et al 2000: 157f). Saman med tyskarane Jacob Grimm (1785–1863) og Franz Bopp (1791–1867) var dansken Rasmus Rask (1787–1832) ein av grunnleggjarane av denne nye teorien, som såg på språk som ein levande organisme. Hovudkategoriane i teorien var etymologisk slektskap og systematisk klassifisering uttrykt gjennom ordtilfanget. Rask hadde særleg utvikla teorien på dei nordiske språka. Han kom jamvel fram til at det gamle nordiske språket var “mere grammatikalsk fuldkomment end Tysken” (Rask 1811: vi). Dette grammatiske mangfaldet vart rekna som eit kvalitetsmerke. Ivar Aasen (1813–96), grunnleggjaren av systematisk norsk målføregransking, bygde arbeida sine i stor grad på denne teorien. Dei norske dialektane var openbert formrike, og Aasen var ikkje upåverka av dette romantiske synet

(Venås 1994: 387). Det gav han styrke i trua på prosjektet sitt. Den historisk-samanliknande metoden vart vidareført som den junggrammatiske metoden med vekt på lovmessig systematikk for språkendingar, og interessa knytte seg særleg til den fonetiske sida av det folkelege talemålet. Det vart også utvikla eigne lydskriftalfabet. Såleis fekk svenske dialektar sitt eige alfabet i 1879 (Rischel 2002: 135). I ein oversynsartikkel om norsk målføregransking frå 1973 viser Beito (1973: 15) at denne forskings-tradisjonen her i landet vart introdusert med det programmet som fonetikaren Johan Storm sette opp i første heftet i tidsskriftet *Norvegia* (1884):

Det galdt ikkje berre om å veta kva eit ord heitte i dei ulike målføra, men òg korleis og kvifor dei hadde kome til å heite såleis.

Beskrivingsmodell og delvis terminologi var jamt henta frå lydlæredelen av Johan Storm: *Kortere Ordliste med Forklaring af Lydskriften*, som var vedlegg til første heftet av *Norvegia*. Bolk I, “Lydlære”, har kapitla “Ligedannelse”, “Vokaler” og “Konsonanter”.

Ei samanlikning med bolck- og kapittelinnendinga i *Drevsjømålet* syner såleis at avhandlinga i hovudsaka følgjer dette mønsteret. “Lydlære” hos Storm har motsvaret “Lydlära”, og “Ligedannelse” går mot “Jamnvektord”. Berre mot Storms “Vokaler” bryt Eriksson mønsteret litt med overskrifta “Vokalutviklinga”. “Konsonanter” hos Storm har tilsynelatande ikkje eit klart motsvar hos Eriksson, men kategorien byrjar med “Assimilasjon mellom nabokonsonanter”.

Om Storm (1884) kanskje ikkje var den beinveges modellen til denne måten å skildre lydverket i eit målføre på, er Storm referert til i sjølve bolckane som omhandlar “Vokaltavle” og “Konsonanttavle”. Som mønster for slike målførebeskrivingar knyter både Venås (1998: 71) og Jahr (2011: 163) det til hovudoppgåva åt Didrik Arup Seip frå 1911, utgjeven som bok i 1915. Det er alt som talar for at Seip (1915) var mønster for Eriksson. “Lydverket i Åsdølmålet” står då også i “Kildeoppgave”, rettnok med årstalet 1925. Emna og kapitteloverskriftene samsvarar godt. Hos Seip finn vi “Historisk-geografisk innledning”, “Åsdølmålet sammenlignet med målførene omkring”, “Fonetisk oversigt”, “Aksent”, “Kvantitet” og “Kvalitet” med underbolckane “Konsonantene” og “Vokalene”. I høve til Seip har Eriksson i alle fall det sjølvstendige bidraget at han handsamar vokalismen før konsonantismen.

Med fullføringa av avhandlinga framstår påstanden i føreordet hos Eriksson om at drevsjømålet var østerdalsmål, både som hypotese og konklusjon. Vokal- og konsonantoversyna stadfester då også hovuddraga i østerdalsmål som monoftongering av dei gamle diftongane *au*, t.d. *stò:r* av norr. *staurr* (s. 96), *ei*, t.d. *ste:n* av norr. *steinn* (s. 92) og *øy*, t.d. *blø:te* av norr. *bleyta* (s. 94) i vokalismen.

Frå konsonantismen kan østerdalstilknytninga dertil kjennast att på dei palataliserte dentalane som plosivane i *greitt* adj i nøytrum av norrønt *greiðr* (s. 134) og *så d n*, jf. norrønt *soð* ‘suppe’ (s.132), og vidare lateralar som i *mjelt* f [milt] for norrønt *milti* n (s. 72) og i *måll* f av norr *mold* (s. 110). Jamfør elles t.d. Øverby (1974: 59–62) om desse særdraga.

Samanfattande kan det seiast om *Drevsjømålet* at hovudvekta er lagd på vokalismen, beskriven gjennom utviklingsprosessar som har utgangspunkt i sannsynlege og helst identifiserte norrøne former. Tilsvarende seier Johannesen (2001: 179) at med Seips utgangspunkt i den historisk orienterte junggrammatikken må “*Lydverket i Åsdølmålet ...* regnes som en *beskrivelse* av målføret og de utviklingstendensene det har gjennomgått fra norrønt og fram til 1910”.

Mangelen på eit oppsummerings- og avslutningskapittel i denne hovudoppgåvetradisjonen må dermed sjåast på både som ein del av metoden og utføringa: beskrivinga i seg sjølv var også konklusjonen.

4 *Drevsjømålet* og leksikografien

Med tolkinga av “rikt ordtilfang” frå føreordet som ‘ord med dokumentert opphav i norrønt’ er dette materialet svært relevant for *Norsk Ordbok* (heretter òg NO), som er ei historisk dialekt- og skriftmålsordbok med vekt på heimleg ordtilfang. Jamvel om hovudsaka i *Drevsjømålet* er lydverket, kan dømeorda på lydlege utviklingar også få tydingsbeskriving, og då gjerne med eit bokmåls synonym, t.d. blir *el* frå norr *eldr* stadfest med bm *ild* (jf. s. 76). Men ved somme ord blir denne identifiseringa gjord med fleirordige forklaringar. Dette gjev då høve til å vurdere korleis Eriksson meistrar den leksikografiske hovudsaka, som er å beskrive omgrepsinnhald i eit semantisk system med overomgrep og skiljande særdrag ved hjelp av allmennspråket (jf. t.d. Fjeld og Vikør 2008: 186). Av dei meir enn 1900 lemma i *Drevsjømålet* finst det i alle fall 116 som har slike fleirordige forklaringar (drygt 6 prosent). Gruppert etter ordklasse

er substantiva den greiaste kategorien å tydingsskildre slik. Det er då òg den største gruppa i språket, jf. at Beito (1986: 101) i *Nynorsk grammatikk* seier at substantiva representerer om lag 60 prosent av ordtilfanget i nynorske ordbøker, følgt av 18 prosent for adjektiva og 17 prosent for verba, her framstilt i tabellform:

Tabell 1

Subst		Verb		Adj		Adv		Andre		Samla	
i tal	i %	i tal	i %	i tal	i %	i tal	i %	i tal	i %	i tal	i %
-	60	-	17	-	18	-	-	-	5	-	100

For *Drevsjømålet* fell dette slik ut:

Tabell 2

Subst		Verb		Adj		Adv		Andre		Samla	
i tal	i %	i tal	i %	i tal	i %	i tal	i %	i tal	i %	i tal	i %
1065	56	515	27	230	12	45	3	35	2	1900	100

Som tabell 2 syner, er substantiva i *Drevsjømålet* i god harmoni med vanleg fordeling med om lag 56 prosent. Derimot er verbprosenten monaleg høgare, 27 mot 17.

Den tilsvarende tabellen for ord med fleiordige forklaringar gjev derimot eit anna bilete:

Tabell 3

Subst		Verb		Adj		Adv		Andre		Samla	
i tal	i %	i tal	i %	i tal	i %	i tal	i %	i tal	i %	i tal	i %
52	44,8	54	46,5	9	7,8	1	0,9	0	0	116	100

Verbprosenten har auka dramatisk til 46,5 prosent (54 av 119 lemma). Her kan det ikkje gjevast anna forklaring enn at verb reint allment er den semantisk mest mangslungne kategorien, ikkje minst med dei ulike aksjonsartstypene og rollene som skal beskrivast, slik at identifiseringa av lemma er utilstrekkeleg berre med nærsynonym.

4.1 Ordforklaringar

Når det er verbkategorien som har fått flest forklaringar, gjev det ein rimeleg grunn til å velje nokre døme på autentiske ordforklaringar herifrå.

Dei er førde opp i tabell 4 med NO-forma som alfabetiseringsgrunnlag og med dei tilsvarende definisjonane til jamføring.

Tabell 4

NO-form	Drevsj.	KE-forklaring	Tilsvarende NO-def.
gnaula	<i>gnó:te</i>	1. tigge eller be om med sutrende stemme 2. gnisselyd (s. 96)	la laga stygg lyd b) beda med sytande røyst
kikna	<i>fikne</i>	miste pusten (s. 75)	mista pusten av hoste, gråt el lått
luska	<i>luske</i>	liste seg omkring (s. 68)	gå stille og seint (for at ingen skal leggja merke til ein)
mata	<i>ma:te</i>	gi mat (s. 42)	gjeva (nokon) mat i munnen
pulsa	<i>pułse</i>	va i vann (s. 130)	vada i vatn

Formelt sett utmerkar tre av forklaringane seg med å vere stutte med eit hovudord og eit avgrensande tillegg (*kikna*, *mata* og *pulsa*). I jamføring med dei tilsvarende NO-definisjonane har desse siste ytterlegare avgrensande tillegg. Såleis har begge kjeldene for *kikna* den prototypiske forklaringa ‘miste pusten’ sams, medan NO har presiseringa ‘av hoste, gråt el lått’. Her skal døma ikkje dragast lenger enn at Eriksson har den grunnleggjande defineringsforståinga inne. I tydingsbeskrivinga av *gnaula* syner han jamvel at han også meistrar nyanseringsteknikken: ‘med sutrende stemme’. Ved verbet *pulsa* er det fullt samanfall mellom Eriksson og NO. Det er såleis god grunn til å lite på forklaringane i *Drevsjømålet* som fagleg forsvarlege.

4.2 Heimfesting

Når ei ordtyding ikkje er allmenn, heimfester NO til eit geografisk område med kommune som lågaste nivå. Tilfanget frå *Drevsjømålet* blir føljegjeleg heimfest til Engerdal. Samanfallet i tydingsskildringa av *pulsa* mellom *Drevsjømålet* og NO er ikkje tilfeldig. Alt materialet NO har på dette ordet, er frå denne kjelda, og det ser då ut til å vere eit genuint engerdalsord:

III **pulsa** v -a vada i vatn (Engerdal).

Men materialet frå *Drevsjømålet* går ofte inn i større område, slik som oppslaget for *gnaula* syner:

gnaula v -a ... **1 a)** laga stygg lyd; pipa, kvina (Rom, SOdal, Ød, NGbr, NLand, Selbu, Røra, Inderøy) ... **b)** beda med sytande røyst; gnaura (3a), gnåla (1) (Tune, Rom, Sol, Ød, NGbr, ØSlidre, SetR, Lista, Eiken, Shl, HardR, So, STrl mst, Røra, Inderøy) [Uthevinga er gjord her.]

Med landskapsnemninga "Ød" for Østerdalen, får vi også her stadfest at drevsjømålet er eit østerdalsmål.

Derimot har *Drevsjømålet* få uttrykk, så signaturen DrevsjøEriks. førekjem berre tre gonger i band 6–9 ved oppslagsorda *lo*, *reiing* og *rippa*. Her er dei illustrerte med substantivet *lo*:


V lo f ... 1 a (dott av) kort fiber(ende) som fell el gnegst av tekstilar (C; A): *ta og sop opp loa* (Stangvik) / *lo på veven* (DrevsjøEriks. 87). [Utheva her.]

Desse døma har synt at drevsjømålet går inn i ein større språkleg samanheng på norsk side av grensa. Men verbet *pulsa* merkte seg ut med berre å vere belagt frå Engerdal. Det er likevel all grunn til å tru at *pulsa*¹¹ med tydinga 'vada (kliva) i snö, vatten, myr, lera, högt gras etc ...' i *Ordbok över folkmålen i Övre Dalarna* (1989) er det same ordet. Dermed skulle vegen austover også vere opplagd.

5 Ordtilfanget i avhandlinga til Konrad Eriksson samanlikna med tilhøva i dei svenske grannebygdene

10. juni 1943 hadde Upsala Nya Tidning eit større intervju med Konrad Eriksson der han m.a. fortalde om dei norske studia sine i Uppsala. Den oppnådde akademiske graden hans, cand. philol., vart her sidestilt med den svenske lic. fil. Eriksson sa i intervjuet at han hadde planar om vidare dialektologiske studium av grensemåla i heimtraktene sine, dvs. drevsjømålet og dialektane i Idre og Särna. Dette hadde han eigenleg tenkt å gjere allereie i hovudoppgåva si, men dette svenske grenseområdet låg innafør den militære sona i Sverige, og der hadde han ikkje offisielt tilgjenge (Wiggen 2009: 208). Det er altså ikkje utenkjeleg at ei samanlikning mellom desse norsk-svenske grannemåla ville ha kome frå Eriksson si hand dersom han hadde overlevd krigen. Etersom det ikkje finst spor av noka slik samanlikning i avhandlinga, er det uråd å seie korleis han

ville ha gått til åtak på ei slik oppgåve. Vi har gjort ei lita gransking for å sjå om det er mogleg å gjere ei samanlikning med utgangspunkt i dei orda NO har ekserpert frå hovudfagsoppgåva til Konrad Eriksson, og skal leggje fram litt om det her.



Ill. 1. Kartet syner Engerdal med Drevsjø i Østerdalen og Idre og Särna på svensk side av riksgrensa. Etter Norsk Dialektatlas.

5.1 Materiale og siktemål

Dei to svenske kommunane som ligg nærmast Drevsjø, er Särna og Idre. Dette området i øvre Älvdalen var i lange periodar av historia norsk, og dialektane her har vore prega av det. Sidan 1644 har området vore svensk, og det er vel grunn til å tru at dei opphavleg norske draga i dialektane har vorte svekka med tida.

Det vi har ønskt å sjå nærmare på, er i kva grad norske ord frå Drevsjø, slik Konrad Eriksson oppgav dei i 1943, går å finne att i dei svenske grannedialektane. Vi har også ønskt å finne ut i kva grad det er mogleg å avgjere den semantiske likskapen mellom dei sams norske og svenske orda på bakgrunn av handsaminga dei har fått i *Drevsjømålet*. Som samanlikningsgrunnlag har vi brukt ei ordsamling frå Särna, gjeven ut midt på 1990-talet, og ei samling frå Idre, publisert så seint som i 2008.

5.2 Idre-samlinga

Grunnlaget frå Idre er ei bok på om lag 180 sider med tittelen “*go ’sup ... ord men inga visor på idremål*” (Erikson 2008). Ho er skriven og utgjeven på eige forlag av Arne H. Erikson, fødd i 1934 og oppvaksen i Idre, men busett i Stockholm sidan 1952. Boka kom i 2008 og var då andre opplaget. Vi veit ikkje når førsteopplaget kom, men i føreordet seier Erikson at han har utvida ordtilfanget med om lag 200 ord og uttrykk i høve til det første opplaget.

Om boka seier forfattaren at “den språklige behandlingen av dialekten [är] en produkt helt och hållet utformad av mig och på eget bevåg. Den är helt ovetenskaplig både språkligt och fonetiskt, vilket är viktigt att påpeka.” (Erikson 2008: 4). Men om det er ein språkvitskapleg amatør som står bak arbeidet, er det ikkje mindre eit imponerende arbeid han har gjort.

Sentralt i boka er ei ordliste på drygt 1900 ord med utgangspunkt i dialekten. Ho er alfabetisk ordna, men orda er delvis skrivne i lydskrift, langt på veg Eriksons eiga. Om ordutvalet seier Erikson (2008: 5): “För att inte göra ordlistan för omfattande har den begränsats till sådana ord som markant avviker från riksspråket eller som typiskt ingår i dialekten. Den skal därför ses som en exemplifiering ur och inte som en komplett redovisning av det dialektala ordförrådet”. Hovudkriteriet for utvalet ser såleis ut til å vere det avstikkande og særleine i høve til ålment kjend svensk.

Vidare finst det ei referanseordliste der dei alfabetisk ordna oppslaga er rikssvenske ord med normert staving, og forklaringane er gjevne med dialektorda frå dialektordlista. Referanseordlista er på om lag 2200 ord. I tillegg kjem 194 “lösryckta fraser”, alfabetisk ordna. Boka blir avslutta med nokre oppskrifter på tradisjonell mat, og heilt til slutt 8 prosatekster av varierende lengd der forfattaren tek for seg ulike ting i den lokale tradisjonen han gjerne vil få fortalt. I arbeidet vårt har vi konsentrert oss om dialektordlista og dei lausrykte frasene.

5.3 Särna-samlinga

Frå Särna har vi brukt ei ordliste med om lag 700 alfabetisk ordna oppslag frå dialekten, i tillegg til 76 frasar, også alfabetisk ordna etter første ordet i kvar frase. Ho kom i 1994, og tittelen er “*Ol-listē Frå Särn’mål Tå Svenske Skrevven Uttå Särn-fölk. Ordlista Från Särnamål Till Svenska Skriven av Särnabor*” (Rosberg ofl 1994). Også her er det delvis brukt

lydskrift i oppslaga. Innleiinga er skriven av Gerth Rosberg, på vegner av ei arbeidsgruppe som har stått for arbeidet med innsamling og utgjeving. Heller ikkje her veit vi noko om bakgrunnen til dei involverte, anna enn at fleire personar blir namngjevne og takka for at dei har “med glädje och entusiasim, bidragit med dialektord, uttryck samt fotografier”. I innleiinga blir ein dialekt definert som “en språkform som används av en viss grupp människor och som avviker från landets riksspråk”. Så også her ser det ut til å vere det avvikande frå rikssvensken som er det avgerande kriteriet for utvalet. Det går også fram av innleiinga at utgjevarene har sett det som eit sær s viktig ansvar å trekkje fram dei orda i dialekten som har med det gamle seterlivet å gjere, ettersom noko eigenleg seterliv ikkje eksisterer i området lenger og mykje av kulturen knytt til denne verksemda er i ferd med å bli gløymt. Innleiinga gjev difor grunn til å tru at denne ordlista semantisk sett er meir avgrensa enn både Idre-samlinga og hovudfagsoppgåva til Konrad Eriksson.

Felles for dei to svenske ordsamlingane er at dei delvis tek utgangspunkt i ord og frasar forfattarane sjølve hugsar frå eigen oppvekst, eller har fått oppgjewe frå eldre informantar. Det er såleis ikkje urimeleg å vente at dei speglar eit ordtilfang som har vore levande i desse svenske bygdene på den tida Konrad Eriksson levde og skreiv hovudfagsoppgåva si om drevsjømalet.

5.4 Orda Drevsjømalet har sams med dei svenske samlingane

Vi har ikkje gjort noka full undersøking av heile materialet til Konrad Eriksson i høve til orda i dei svenske samlingane, men har nøgd oss med stikkprøver. Vi har undersøkt Eriksson-orda på a og b, i tillegg til orda på s. Metoden har gått ut på at vi har teke for oss ord for ord i registeret frå *Drevsjømalet* og så leita etter tilslag i dei tilsvarende alfabetbolkane i dei svenske samlingane. Det kan då sjølvsagt hende at vi har gått glipp av ein skilde ord som i dei svenske samlingane er alfabetiserte under ein annan bokstav (dei er som sagt stort sett alfabetiserte etter dialektformene, og dei har vi dessverre ikkje god nok kunnskap om). Eit par omvende kontrolløkk, der vi har teke utgangspunkt i dei svenske registra og så sjekka opp mot Eriksson-orda, har likevel ikkje gjeve mistanke om at mange ord har unngått oss av den nemnde årsaka.

Som tidlegare nemnt er lemmatalet totalt i *Drevsjømalet* 1900. Det samla lemmatalet i bolkan a-, b- og s- er 545, og vi har såleis undersøkt snaue 29 % av lemmaa til Konrad Eriksson.

5.5 Nokre resultat

Tabell 5

	Undersøkte ord i tal	Sams ord i tal	Sams ord i %
Totalt	545	121	22,2
a- og b-	179	39	21,8
s-	366	82	22,4

Tabell 5 syner at av dei 545 undersøkte lemmaa i *Drevsjømålet* finn vi att 121 i dei svenske samlingane, enten i den eine eller den andre, eller begge. Desse utgjør drygt 22 %. Dei fordeler seg med 39 (21,8 %) på a- og b- og 82 (22,4 %) på s-. Den like prosentdelen i dei to bolkaner tyder på at dette talet kanskje kan generaliserast på heile materialet. Etter ei varsam berekning kan det då finnast noko over 400 ord i dei svenske samlingane som også finst i *Drevsjømålet*.

63 (52 %) av dei sams orda er substantiv, 35 (29 %) er verb og 16 (13 %) er adjektiv. Dette er eit resultat i nærleiken av fordelinga av ordklassar i heile Eriksson-materialet (jf. tabell 2).

5.6 Den semantiske verdien av orda i *Drevsjømålet*

Av dei 121 orda som er sams på begge sider av grensa, er det 19 (om lag 16 %) som har ei spesifikk forklaring hjå Konrad Eriksson, med eitt eller fleire ord. Ved nesten alle dei øvrige 102 orda har han berre gjeve opp den norrøne forma. Ved 12 av dei 121 orda (om lag 10 %) er det uråd å seie om dei har same tyding som dei svenske tilsvarande, eller det er sikkert at dei ikkje tyder det same. Ved 4 ord (om lag 3 %) er det grunnlag for sterk tvil. Det vil seie at ved 105 av dei sams orda (om lag 87 %) er det rimeleg grunn til å tru at tydinga på begge sider av grensa er om lag den same.

Tabell 6

Nynorsk norm	KE	I/S	Svensk riksspråk
bjølle	bjölle	bjell'ä (I)	skälla, pingla
bikka	bikke el. bekke (velte)	bikkä (I) bihkå (S)	stjälpa, vålta (I) tippa av någåt (S)
sikla	sikle el. sekle	sikkf'ä (I)	dregla
sint	sinjt	sint (I) sinnt (S)	arg
snerk	snerk (skruppen hinne eller skorpe som danner seg på kocht melk, suppe o.l.)	schnåscck (I)	skinnbildning på kocht mjölk

Tabell 6 syner nokre døme på ord i materialet som er sams på begge sider av grensa, og der vi reknar tydinga som lik. I den andre vertikale kolonna står orda oppgjevne i forma vi finn dei i *Drevsjømålet*. I tredje kolonna finn vi dei svenske formene attgjevne i Idre- og/eller Särna-samlinga, og i fjerde kolonna står forklaringa på rikssvensk henta frå den aktuelle svenske dialektsamlinga.

Vi ser at alle dei fem dømeorda i tabellen finst att i ordsamlinga frå Idre, medan to av dei (*bikka* og *sint*) også er å finne i ordlista frå Särna. Ordet *bikka* har litt ulike definisjonar i dei to svenske samlingane, men begge nyansane blir truleg fanga opp i den norske bruken.

Vi kan også merke oss ordet *snerk*, eitt av dei tilfella der Konrad Eriksson har gjeve ei spesifikk, fleirordig forklaring av tydinga i Drevsjø. Her er forklaringa til Eriksson så detaljert at ein kan mistenkje ordet for å ha ei noko vidare tyding enn den som er attgjeven frå Idre. Då må vi også leggje til at Idre-samlinga har ei tyding til som vi ikkje har teke med her, nemleg 'skare'. Det er uvisst om den nyansen lar seg fange opp i bruken av 'o.l.' hjå Konrad Eriksson, men heilt usannsynleg er det ikkje at den tydinga også kan ha vore i bruk i Drevsjø, ut frå forklaringa i *Drevsjømålet*.

5.7 Konklusjon

Det kan såleis sjå ut til at orda frå *Drevsjøområdet* fungerer som grunnlag for semantisk samanlikning mellom ordtilfanget på baa sider av riksgrensa. Denne optimistiske konklusjonen byggjer likevel på ein usikker føresetnad, nemleg at Konrad Eriksson gjennom berre å vise til det norrøne opphavet også går god for at det semantiske innhaldet er vidareført frå norrønt til drevsjøomål. Det kan synast tvilsamt så lenge oppgåva primært dreier seg om fonologi. På ei anna side har Eriksson teke seg bryet med å gje særskilde opplysningar om tyding ved 16 % av orda sine (jf. s. 67), også i tilfelle der det norrøne opphavet er oppgjeve. Det kan peike mot at semantikken ikkje har vore likegyldig for han sjølv i ei tradisjonell, historisk fonologisk basert dialektskildring.

6 Sluttord

Innleiingsvis stilte vi først spørsmålet om ei tradisjonell målføreavhandling som *Drevsjøområdet* også gjev relevante leksikografiske opplysningar. At *Drevsjøområdet* verkeleg er tradisjonell med sin følgjestronge historiske systematikk, har vonleg gått fram av døma i presentasjonen. Det understrekar også Wiggen (2009: 210) når han seier at oppgåva var fullt etter Kolsrud sin smak: “junggrammatisk uten strukturalistisk begrepsapparat eller tilnærming.” Det skal likevel leggjast til at Venås (2005: 292) i biografien om Kolsrud frå 2005 nyanserer framstillinga av han som junggrammatikar med eit romantisk merkt språksyn. For ei vitskapleg historisk ordbok som NO synest det likevel opplagt at metoden i *Drevsjøområdet* også får fram påliteleg kunnskap om den semantiske sida av heimleg ordtilfang.

Ein konklusjon på det andre spørsmålet, om kjeldegrunnlag for ordtilfang over riksgrensa, er det ikkje like greitt å kome med utifrå vårt materiale. Det felles ordtilfanget mellom *Drevsjøområdet* og dei to svenske samlingane er helst mindre enn venta når ein går ut frå at det er eit samspråksområde. Men mykje av forklaringa ligg nok i dei ulike utgangspunkta. Den junggrammatiske tradisjonen med å dokumentere ei lineær utvikling med vekt på lydverk frå notidsmålet attende til eit ‘rettare’ eldre språksteg, vil ikkje utan vidare drage fram heile breidda i ordtilfanget i det beskrivne målet, som i dette tilfellet er drevsjøområdet. Jamvel om denne avhandlinga skulle byggje på eit så rikt ordtilfang som mogleg, var

sjølve metoden ikkje nokon garanti for at særmerkt ordtilfang frå alt samfunnsliv kom med. For dei svenske samlingane er det nettopp blikket for det særeigne ordtilfanget i dialektane sett i høve til riksspråket og storsamfunnet som har vore siktemålet. Utgjevarane understrekar desutan det intuitive og subjektive i metoden deira. Sluttvurderinga av det relativt sparsame felles tilfanget frå *Drevsjømålet* på den eine sida av riksgrensa og frå Idre- og Särna-samlingane på den andre sida må dermed bli at det noko på veg kan knytast til dei ulike siktemåla. Men riksgrensa har nok også hatt mykje å seie.

Det som likevel står fast, er at Konrad Eriksson gjorde ein grenselaus innsats for å få førstegongsbeskrive drevsjømålet. Avhandlinga vil for all framtid vere eit dokumentarisk kjeldeskrift i norsk språkvitskap.

Litteratur

- Beito, Olav T. 1973. Utsyn over norsk målføregransking. Olav T. Beito & Ingeborg Hoff (red.): *Frå norsk målføregransking. Utvalde utgreiingar 1908–1969*. Oslo, Bergen, Tromsø: Universitetsforlaget, 11–22.
- . 1986 [1970]. *Nynorsk grammatikk. Lyd- og ordlære*. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Björklund, Stig og Levander, Lars. 1989. *Ordbok över folkmålen i Övre Dalarna*. Uppsala: Dialekt- och Folkminnesarkivet.
- Erikson, Arne H. 2008. *go 'sup ord men inga visor på idremål*. Saltsjö-Boo: Eige forlag.
- Fjeld, Ruth Vatvedt og Vikør, Lars S. 2008. *Ord og ordbøker. Ei innføring i leksikologi og leksikografi*. Kristiansand: Høyskoleforlaget.
- Hovdhaugen, Even et al. 2000. *The History of Linguistics in the Nordic Countries*. Helsinki: Societas Scientiarum Fennica.
- Jahr, Ernst Håkon. 2011. Dialektologi som nasjonsbygging. Til diskusjonen om “nynorsk språkforskning”. Lars-Erik Edlund, Lennart Elmevik og Maj Reinhammar (red.): *Studier i dialektologi och sociolingvistik*. Uppsala: Kung. Gustav Adolfs akademien för svensk folkkultur, 159–67.
- Johannesen, Silje. 2001. Åsdølmålet 90 år etter Didrik Arup Seip. Noen refleksjoner omkring det å sammenlikne to synkrone dialektstudier. Gunnstein Akselberg (red.): *Målbryting. Skrifter frå prosjektet “Talemålsendring i Noreg”*. Nr. 5/2001, 173–85.

- Norsk Ordbok. Ordbok over det norske folkemålet og det nynorske skriftmålet.* I–IX. 1966–2009. Oslo: Det Norske Samlaget.
- Rask, Rasmus Kristian. 1811: *Vejledning til det Islandske eller gamle Nordiske Sprog.* Kjøbenhavn: Schubothes Forlag.
- Rischel, Jørgen. 2002: The contribution of Scandinavian neogrammarians. Oskar Bandle et al. (eds): *The Nordic Languages. An International Handbook of the History of the North Germanic Languages.* Berlin, New York: Walter de Gruyter, 133–48.
- Rosberg, Gerth ofl. 1994: *Ol-liste Frå Särn 'mål Tå Svenskë Skrevenn Uttå Särn-fölk.*
- Storm, Johan. [1884]. *Kortere Ordliste med Forklaring af Lydskriften.* [Kristiania]
- Seip, Didrik Arup. 1915. *Lydverket i Åsdølmålet.* Kristiania: H. Aschehoug & Co.
- Venås, Kjell. 1998. Liner og band. Om metodar i norsk målføregransking. K.E. Karlsen (red.): *Mål og middel i nordisk språkvitskap. Artiklar frå ein dugnad i faghistorie under Møte om norsk språk 7 i Trondheim 21. november 1997.* HBO-rapport nr. 4/1998, 69–86.
- . 2005. *Sigurd Kolsrud.* Oslo: Novus forlag.
- Wiggen, Geirr. 2009. Konrad Eriksson – målføregransker og motstandsmann. *Maal og Minne* 2009, 203–24.
- Øverby, Joleik. 1974. Målføra på indre Austlandet. Ei innleiing. Ola Skogstad (red.): *Austlandsmål. Språkarv og språkbruk på indre Austlandet.* Oslo: Det Norske Samlaget, 9–25.

Dagfinn Rødningen & Dagfinn Worren
 Universitetet i Oslo
 Inst. for lingvistiske og nordiske studium
 Norsk Ordbok 2014
 Postboks 1021 Blindern
 NO-0315 Oslo
 dagfinn.rodningen@iln.uio.no
 dagfinn.worren@iln.uio.no